



KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

ein arealplan for heile kommunen som viser
samanhengen mellom framtidig
samfunnsutvikling og arealbruk



PLANSYSTEMET





Figur: Rettleiar frå KMD, Kommuneplanen sin arealdel (2021)

Kommuneplanen 2020-2032




Foto: Mort S. Kvæde




Foto: Ingrid K. Stibsrød



Foto: Mort S. Kvæde

Ved



KOMMUNE



Kommuneplanen samfunnsdelen 2020-2032

Med hjarta i Bygland

Overordna arealstrategi


Innleiing

Vedteke planprogram for revisering av kommuneplanen seier at det skal bli utarbeidd ein arealstrategi som del av samfunnsdelen. Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen, og skal angi hovudprinsipp for den langsiktige arealbruken og arealforvaltninga i Bygland.

Punkta nedanfor er basert på måla som er sett i samfunnsdelen. Dei er teke med for å synleggjere at dei krev oppfølging gjennom arealplanlegginga. Arealstrategien skal leggast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og skal gi føringar for plan- og byggesakshandsaminga i kommunen.

Arealstrategi

- Tilrettelegging for ein aktiv kvardag gjennom å bevare grøntområde, legge til rette for friluftsliv og sikre gode aktivitetsarenaer for menneske i ulike livssituasjonar/-fasar. Spesielt i strandsona er det viktig å vektlegge natur- og kulturmiljø, anledning for friluftsliv, bevaring av landskap, samstundes som bygger og grendelag får utviklingsmoglegheiter.
 - Etablere og utvikle uformelle møteplassar og lågterskel-tilbod som nærmiljøanlegg og leikeplassar, spesielt for barn og unge.
 - Setje fokus på å bevare og utvikle Bygland kommune sin historie og kulturarv.
 - Utvikle to sentra, Bygland og Byglandsfjord, og stø opp om initiativ i bygdelaga.
 - Legge til rette for ein variert landbruksstruktur med små og større bruk. Beite- og utmarksressursane skal kunne utnyttast også i framtida.
 - Skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og
- næringsdrivande innanfor handel og service gjennom å legge til rette for aktivitet i eksisterande bygningsmasse, attraktivitet, trivsel og miljøomsyn.
- Sikre tilgang til attraktive næringsareal og kontorlokale for leige og sal. Nye utbyggingsareal skal i størst mogleg grad lokalisert til eksisterande tettstadar og bygder, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
 - Ved planlegging av nye bustadområde eller anna utbyggingsareal, skal det leggast til rette for miljøvennlig transport, og tilgang på gang-, sykkelveg og trygg skuleveg.
 - Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som auka flaum og skredfare, hyppigare ekstremver, samt auka klimapåverknad på bygg og infrastruktur.
 - Arealplanlegginga skal legge til rette for eit minimum av dispensasjonssaker og følgje ønska samfunnsutvikling og vere tilpassa denne.



INNHALD I AREALDELEN

- Gjennomgang av område for revisjon og oppdatering av desse
- Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner
- Utarbeide sti- og løypeplan
- Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden

TILTAK:

- Legge inn faktiske endringar i arealbruken sidan sist revisjon og ta ut føremålsområder som ikkje lenger er relevante
- Legge inn Strandsoneplanen, Heiplanen og gjeldande reguleringsplanar
- Gjennomgang av tekst slik at desse samsvarer med dei vedtaka, avgjerder og avtalar som er gjorde sidan sist revisjon
- Inkludere nye føremålsområde i planen



PROSJEKTGRUPPE

- Kommunedirektør
- Folkehelsekoordinator
- Leiar drift og forvaltning
- Leiar plan og utvikling (for tida kommunedirektør)
- Fagleiar plan

Klimakontakt er med som fagperson

Har møte ein gong pr. mnd.

Orientering om status og avklaringar i PMR (styringsgruppa)




Illustasjon: pixabay.com



FOTO: SONJA L. SKJEVRAK

Kvifor er medverknad viktig?

1. Kvalitet i plan- og beslutningsgrunnlaget
2. Mangfold i samfunnet
3. Eigarskap og stadidentitet
4. Gjensidig læring og demokratiutvikling



Eg likar det fordi
det er gøy
og det gjør meg glad.
Eg hoppar altid fra
den steinen.

INNSPEL TIL KP SIN AREALDEL

Idémyldring Ungdomsrådet

- Kor er ungdom utanom skuletid?
 - Tappen
 - Ungdomsklubben
 - Heime hos folk
 - Byglandshallen
 - Tangen (sommar)
 - Ballbingen
 - Idrettsbanen
 - Joker
 - Fjorden
 - Heia (mest vinter)
 - Ungdomshuset
 - Tufteparken
 - Kulturscena
 - Stranda på Reiårsfossen camping
 - Årdalshallen
 - Tennisbanen Bjord
 - Vassendkilen
 - Neset camping
 - Frivilligcentralen
 - Stasjonsområdet/Lokstallen
 - Brygga

- Kva for møteplasser er det bra?

- Sittepla
- Skikkels
- Møtepl
-
- Hinderl
- Trampo
- McDon
- Klatreve
- Enduro

Referat frå folkemøte/idéudgnad framtidas Bygland i Årdalshallen 26.05.2021

- Leiar av PLMR v/Anne Eikerapen innleia møte.
- Leiar av drift og forvaltning v/Kjell Øyvind berg informerte og hadde ein god gjennomgang på prosessen for revideringa av kommuneplanarbeidet, kva ein plan betyr, kva den skal innehalde, samhandling mellom ulike planar osv.

Innspel:

- Legge ut linken til samfunnssdelen saman/på same side som innspelslinken.
- Spørsmål om lysløpa som har vore teke opp i fleire samanhengar – vil ei slik lysløype verte realisert.
- Om der er moglekeit for å sende inn innspel om eit tiltak utan å ha ei konkret forslag til plassering.
- Oppteke av om der er moglekeit for å omregulere private eigedomar pga. «forsøpling» på areal som ikkje vert nytt til det arealet er regulerte til.
- Nullkonsesjon på bustadhus i bustadfelt – for mange bustadhus som der ikkje bur folk i, og om kommunen kan vere meir aktiv opp mot eigarar av bustadhus med tanke på eventuelt sal.

Bygland Husflidslag

- Ønskjer at nordre del av Presteneset (Sumpen) blir oppretthalde og utvikla som friområde
- Etablere trygg kryssing av rv9 ved gamle Prestegarden
- Kommentar: Begge punkta over inngår i gjeldande reguleringsplan for Presteneset, men innspela blir teke med i prosessar dei høyrer til
- Skøytebane, islegging av område
 - Forslag til plassering er den gruslagde parkeringsplassen ved kyrkja eller ved idrettsbanen
- Etablere fiskeplassar langs fjorden
 - Inkl plassar med universell utforming
 - Høyre med lokalkjente fiskarar om plassering



TRE GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV

Næringsutvikling og
samarbeid om nye
arbeidsplassar

Folkehelse, levekår,
likestilling, inkludering
og mangfald

Klima og miljø



FOTO: SKILD, FB-SIDE



FOTO: BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL, FB-SIDE



FOTO: BYGLAND KOMMUNE, HEIMESIDA



BUSTAD



Foto: Marit S. Kvaale

- **Planlegging av nye bustadområde**
Kvar skal vi ha nye/større bustadområde, og kva for kvalitetar skal desse ha?
- **Strategi for livsløpsbusetting og universell utforming**
Korleis skal vi legge til rette slik at vi tek omsyn til ulik funksjonsevne?
- **Konsekvensar ved spreidd bustadbygging**
Kva positive og negative sider er det ved spreidd bustadbygging?



FRITIDSBUSTAD



FOTO: WWW.BOOKING.COM

- **Planlegging av nye hytteområde**
Moderne hytter har ofte høg standard. Kor skal desse ligge?
- **Område avsett til framtidig hyttebygging**
Er det område som bør takast ut?
- **Konsekvensar ved spreidde fritidsbustader**
Kva positive og negative sider er det ved spreidde fritidsbustader?



NÆRING/FORRETNING



FOTO: UKJENT (FOTOARKIVET)

- Har vi behov for meir næringsareal?
- Kva typar næring skal vi legge til rette for?
Kontor, hotell, bevertning, handelsverksemd, industri, lager og bensinstasjon/vegserviceanlegg
- Massedeponi og masseuttak
Det er behov for å deponere overskotsmassar, samtidig som det er etterspurnad etter steinmassar i bygge- og anleggsbransjen.



SAMFERDSEL



FOTO: KATHE M. KJETSÅA

- **Fylkesveg og lokale vegar**
Er det behov for endringar på fylkesvegar og lokale vegar?
- **Gang- og sykkelvegar**
Kva må til for å legge til rette for fleire gåande og syklende i Bygland?
- **Trafikksikkerheit**
Trafikksikkerheit er viktig i samband med nyetableringar. Også i eksisterande område er det behov for ei oppgradering.



FRIOMRÅDE OG FRILUFTSLIV



FOTO: BYGLANDSFJORD OPPVEKSTSENTER

- **Grønstruktur, fri-, park- og rekreasjonsområde i nærmiljøet**
Vi må ta vare på og legge til rette for rekreasjonsområde i nærområdet. Kva område i Bygland blir aktivt brukt? Kva type kvalitetar er viktige i slike område?
- **Friluftsliv og rekreasjon**
Friluftsområda i Bygland er viktige for innbyggjarane, og vi må legge til rette for bruk av desse.



Kommunen skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjøre det attraktivt å leve og bu her, mellom anna gjennom god planlegging



I 2032 HAR..

Kommunen har lykkast med å bruke naturressursane sine til å skape nye og framtidsretta produkt, løysingar og tenester. Ei bevisst satsing på lokale kompetansemiljø knytt til skog- og trenæringa har skapt sysselsetting der ressursane er.

Landbruksnæringa er livskraftig og kulturlandskapet er halde i hevd. Matjorda er trygga gjennom god forvaltning av areala.

Bygland har vaksen som destinasjon for reiseliv og opplevingar. Byglandsfjorden er godt forvalta gjennom turisme og nye arbeidsplassar innan marin næring. Dei marine kunnskapsmiljøa er styrka.

Bygland har ein sterk entreprenørskapskultur med gode vilkår for vekstkraftige gründerbedrifter i kommunen. Næringsliv og gründerar har tett og god dialog med administrasjonen i kommunen.



KORLEIS KOME MED INNSPEL?

 Skjema for innspel til revidering av kommuneplanen sin arealdel
Bygland kommune

Innleiing

Forslagsstilar

Namn

Dato

Adresse

Postnr

Poststad

Teléfononummer

E-post

Ufylling og bruk

- Klikk på ⓘ der du treng hjelp til utfyllinga.
- Skjemaet lagrar svára undervegs i utfyllinga. Dersom du vel å avbryte utfyllinga, til domes ved å lukke nettleservindauget eller trykke på "Avbryt"-knappen og staderstår at du vil avbryte utfyllinga, vil all informasjon bli borte.
- Ingen opplysingar blir sendt før du sjølv ber om det ved å velje "Send inn"-knappen. Den kjem fram etter at opplysingane er kontrollerte og godkjende.

Blir forslaget stilt på vegne av ein annan? Ja Nei

Kven?

Eigedomen

Stadsnamn

Gnr

Bnr

[Digitalt innspelsskjema](#)

Frist 1. november 2021

Innspelsrettleiar

Kommuneplanen sin arealdel 2021-2033



Vedteke av styringsgruppa 27.10.2020